

Improvisasjon, klang og jazzpiano med tradisjon

■ HÅVARD AVELSGAARD

Fastlege Vikna kommunale legekontor,
kommuneoverlege på Vikna

Vikna





Håvard og saksofonen

Bestemors jazzpiano med saksofonen.



Eg starta yrkeskarrièren som lege for ti år sidan, og har arbeidd som kombilege i Vikna kommune i snart ni år. Eg er spesialist i samfunnsmedisin, men har òg ein rolle som allmennlege og sjukeheimslege. Ein spennande og variert jobb i ein liten øykommune på kysten av Nord-Trøndelag med fantastisk natur!

Ein annan karrière starta eg langt tidlegare; allereie som toåring ved pianoet i stova hos farmor på Stjørdal starta eg den musikalske karrièren. Farmor hadde sju barnebarn, hadde alltid tid til kvar ein av oss på ein måte så at vi alle kjente oss litt som favoritt. Ho var eit varmt menneske og spelte jazz på pianoet med ein varm klang og eit lett, fint anslag. Farmor har nok vidareført den måten å spele på til meg – vonleg òg nokre av dei menneskelege eigenskapane?

Eg tok ein periode pianotimar i ungdommen hos ein pianolèrar som i starten prøvde å lære meg både teknikk og fingersetting, men gav til slutt opp etter iherdige forsøk (heldigvis eller dessverre?) – fokuset vart heller på å utvikle musikalitet, uttrykk, kjensler, formidling og klang. Eg er ingen teknisk, men ein ganske ålreit musikal!

Jazzinteressen kjem nok òg naturleg med ei farmor som spelte jazzpiano, men òg frå dei mange LP-platene i samlinga til far min – med Gerry Mulligan (barytonsaksofonist)

som felles favoritt. Det var da naturleg å byrje med saksofon da eg vart gammal nok for skolekorpset. Saksofona vart òg med vidare i livet, og eg kjøpte meg eigen saksofon for konfirmasjonspengane, sjølv om korpsinteressen nok dala i ungdomsåra.

Eg spelar nok ikkje lenger like aktivt som i ungdomsåra, men er fast barytonsaksofonist i Kolvereid storband og saksofonvikar i ulike samanhengar. Legejobben kan vera slitsam innimellom og by på utfordrande situasjonar og lange dagar, og det kan vera tungt å motivere seg for å kjøre til øving med storbandet etter jobb. Da er det ekstra flott å oppleve den energien og overskotet ein får av å sitte og spele saman med andre og kjøre heim att frå øving med eit stort smil om munnen – «It don't mean a thing if it ain't got that swing!»

Eit viktig aspekt med jazzmusikken er improvisasjon – musikken blir til i augeblikket, der og da, ut frå den stemninga og

dei kjenslene som er til stades. Å våge å fri seg frå rammene og bevege seg ut i det ukjente. Evne til improvisasjon, kjenner eg att i arbeidssamanheng òg. Kvardagen handlar om å vera kreativ og finne gode løysingar i pasientmøtet, sjølv om det ikkje finst noko fasitsvar.

Eg brukar musikken aktivt til å finne ro etter å ha opplevd stressande kvardagar og situasjonar, søker trøst i musikken etter dramatiske opplevingar på legevakt, får utløp for kjensler og får påfyll av energi. Det er framleis like flott å sette seg ned ved pianoet og berre kople ut alt anna og fordjupe seg i musikken. Det er noko som verkeleg gjev overskott og glede.

Eg er så heldig å ha arva farmor sitt piano, og det står no heime i stova. No har eg egne ungar som sit på mitt fang framfor pianoet for å lære – og kanskje blir det sær-eigne anslaget frå farmor vidareført hos dei?

■ HAAVARD.AVELSGAARD@VIKNA.KOMMUNE.NO